



Storneset AS
Leknesvegen 9
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/73 - 17/30024

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
19.10.2017

Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt- gbnr 134/400 Hilland

Det vert vist til kommunen sitt brev av 22.02.17 med førespurnad om utgreiing i sak, samt dykkar tilsvar av 14.03.17 og seinare avslag på søknad om ferdigattest.

Kommunen legg til grunn at det er etablert avkjørsle og parkeringsplass i friområde F3 på eigedomen gnr. 134 bnr. 400, utan at det ligg føre søknad om løyve til etablering av slik avkjørsle eller parkeringsplass.

Føresegner om søknadsplikt følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-2, jf. byggesaksforskrifta (SAK) kap. 4.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova.

Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 17.01.18**.

Retting må skje ved at tiltaket førast tilbake til friområde og at avkjørsle og parkering etablerast i samsvar med reguleringsplan.

Kommunen må få skriftleg underretting når arbeidet er ført tilbake. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Når forholda er retta kan det søkast på ny om ferdigattest for veg- vatn- og avlaup.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt



Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. Uttale må vera sendt innan 3 veker.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/73

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Riisa & Co

Postboks 663,
sentrum

5807

BERGEN

Mottakarar:

Storneset AS

Leknesvegen 9

5915

HJELMÅS